

**Brøytarane fortener ros**

22.12.2009



Mange brøytarar fortener ros. Her blir det gjort ein innsats langs Sandavegen i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mange brøytarar fortener mykje ros etter ein tøff jobb i helga.**

**Det seier fleire til uskedalen.no.**

**Dei er imponert over at det i ei vanlegvis snøfattig bygd som vår viste seg å vera ein så høg beredskap når ein ekstraordinær situasjon kom.**



Mange har framleis ikkje rydda båtane sine for snø. Slik var situasjonen i båthamna i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Etter å ha hørt om korleis det har vore i enkelte bygder, der dei har hatt tildels store problem med snøryddinga, har vi vore heldige her i Uskedalen.

Her har mange stilt opp med utstyr, seier ein av dei som vil at vi skal formidla ein takk.

Han legg til at takken bør gå til fleire, men for sin egen del vil han nemna at Runar Myklebust gjorde ein kjempejobb og var til hjelp for mange på Korsnes.

For brøyting i sentrum vil fleire takke Olav Hjetland Bringedal for at han sto på og brøyte nærsagt utan stans både under og etter snøveret.

Snøryddinga er imidlertid ikkje gjennomført på ein dag og det gjeld også i båthamna. Leiinga i båtlaget vil at vi skal koma med ei ny oppmoding til båteigarane om å fjerne snøen frå farkostane sine før det skjer noko gale. No er det null grader og hvis snøen blir våt og tung skal det ikkje mykje til før båtane går under.

Av Ola Matti Mathisen